

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.10.2016

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag: Punkt 4:  
Fylkestinget ønskjer at nynorsk skal vere administrasjonsspråk i ein eventuell ny Vestlandsregion.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slik protokollmerknad:

«-SV ønskjer å sende intensjonsavtalen på høring, men vil signalisere motstand mot "Hovudmål 4: Strategisk infrastrukturutbygging. Delmål

Første kulepunkt, andre setning: Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion." og vil heller jobba for å gjere Vestlandet miljøvennleg og bærekraftig.

-Ein ny region må få tilført betydelege oppgåver. T.d. helseforetaka og høgskulane.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av A, Sp, H, Frp, MDG, V og KrF fram slikt forslag (a):

«Alternativ til rådmannen sitt forslag punkt 3:

3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløysingar.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av A, Sp, H, MDG og KrF fram slikt forslag (b):

Nytt punkt 4:

«Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Til votering i punkt 1,- ordet godt strykast på linje 2.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Vilkår som må følgja saka på høyringa:

Målføre: Ein ny Vestlandsregion må byggja opp om ein Vestlandsidentitet. Som kjerneområde for nynorsk, har nynorsk ei særstilling for identiteten i regionen vår no og i framtida. Administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen må difor vera nynorsk.

Oppgåver: Ein Vestlandsregion må få større og tyngre oppgåver flytta frå statleg nivå til regionalt nivå, og oppgåvene må vera avklart før ein kan fatta endeleg vedtak. Som minimum av nye oppgåver må Vestlandsregionen få overført helseforetaka og høgskuleutdanninga.

Demokrati: Valkrinsane må halda fram som i noverande tre valkrinsar, slik at ein sikrar at distrikta vert representert i regionleiing og på Stortinget.»

## Røysting

Bondhus sitt forslag fekk 3 røyster (Sp, SV, MDG) og fall.  
 Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.1 vart samrøystes vedteke.  
 Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.2 vart samrøystes vedteke.  
 Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.3 fekk ingen røyster og fall.  
 Kårbø sitt forslag til pkt. 3 (a) vart samrøystes vedteke.  
 Oen sitt forslag til nytt pkt. 4 fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.  
 Kårbø sitt forslag til pkt. 4 (b) fekk 11 røyster (A, Sp, Krf, MDG, H) og vart vedteke.

## Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløysingar.
4. Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.

## Protokollmerknad frå SV

SV ønskjer å sende intensjonsavtalen på høring, men vil signalisere motstand mot "Hovudmål 4: Strategisk infrastrukturutbygging. Delmål

Første kulepunkt, andre setning: Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion." og vil heller jobba for å gjere Vestlandet miljøvennlig og bærekraftig.»

Første kulepunkt, andre setning: Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion." og vil heller jobba for å gjere Vestlandet miljøvennlig og bærekraftig.»

## Protokollmerknad frå Sp

«Vilkår som må følgja saka på høyringa:

Målføre: Ein ny Vestlandsregion må byggja opp om ein Vestlandsidentitet. Som kjerneområde for nynorsk, har nynorsk ei særstilling for identiteten i regionen vår no og i framtida. Administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen må difor vera nynorsk.

Oppgåver: Ein Vestlandsregion må få større og tyngre oppgåver flytta frå statleg nivå til regionalt nivå, og oppgåvene må vera avklart før ein kan fatta endeleg vedtak. Som minimum av nye oppgåver må Vestlandsregionen få overført helseforetaka og høgskuleutdanninga.

Demokrati: Valkrinsane må halda fram som i noverande tre valkrinsar, slik at ein sikrar at distrikta vert representert i regionleiing og på Stortinget.»